



DEN NORSKE KYRKJA  
Kviteseid Sokneråd

## Referat etter møte i Kviteseid Sokneråd onsdag 30. august 2017 kl. 18.00

På kommunehuset i sal 'Fjågesund og Brunkeberg'

### Innkalla:

Leiar: Hans Kristian Aabø, Nestleiar Håkon Birkeland, Inger Lise Berge, Marit Gotuholt, Magnhild Kvalbein, Hanne Roholdt, Vidar Syrtveit Mikalsen, Gunn Karin Eikåsen og Sokneprest Møyfrid Lunde.

Kommunens representant Tore Åsland

1.vara: Reidun Øverbø Fisketjønn

Kyrkjeverje Kristen Salmelid

### Forfall:

Gunn Karin Eikåsen og kommunens representant Tore Åsland

Soknerådsleiar ynska vår nye sokneprest Møyfrid Lunde velkommen.

Hå hadde eit 'Ord for dagen'.

Servering ved Håkon Birkeland.

Mail kopi innkalling til revisor Mariann Todal

(Referat sendes i tillegg til ordførar Tarjei Gjelstad, rådmann Øystein Tveit, økonomisjef Lothar Edel, rekneskapsførar Laila Maria Andreasen og prost Asgeir Sæle)

Sak 45/17	Innkalling og saksliste	HKA
	<b>Forslag til vedtak:</b> Innkallinga er godkjend. Møtet er lovleg sett. Sakslista er godkjend.	
Sak 46/17	Godkjenning av referat frå soknerådsmøte 26.04.2017	HKA
	<b>Forslag til vedtak:</b> Referatet frå soknerådsmøtet 26.04.2017 sendt ut på mail 05.05.2017, vart godkjend.	
Sak 47/17	Post og meldingar	
	1. Marit Gotuholt (og andre) orienterar om føreståande arrangement: 24.6.: Jubileumskonsert med Olav Mosdøl i Kviteseid kyrkje kl. 15.00 4.7.: Operagutta, konsert i Kviteseid kyrkje tysdag kl. 19.30 Kjem att sommaren 2018, for 5. gong! 18.-20.8.: Landstadhelg (i samarbeid med Seljord Fellesråd og Landstadsenteret). Sjå eige program i neste Kyrkjelydsblad.: 18.8.: Konsert i Brunkeberg kyrkje 19.8.: Foredrag på Nutheim 20.8.: Kåseri om 'Landstad i Brunkeberg', etter gudstenesta i Kviteseid gamle kyrkje	

	<p><b>17.9.:</b> Felleskyrkjeleg sangmøte i Kviteseid kyrkje kl. 18.00 med Hilde Sveta, Fredheimkoret. (retta frå 16.00)</p> <p><b>12.11.:</b> Jan Haugen mfl. konsert i Kviteseid kyrkje kl. 19.00</p> <p><b>10.12.:</b> Emil Solli-Tangen konsert i Kviteseid kyrkje kl. 19.00</p> <p><b>17.12.:</b> Den årlege JULEKONSERTEN i kyrkja kl. 18.00</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>2. Birgitte Nødland Danielsen takka ja til stillingane som sekretær og trusopplærar, og tiltredde 1. august (Sjå AU-sak 49/17)</li> <li>3. Møyfrid Lunde tok til som sokneprest 2. august.</li> <li>4. Omfattande 4-års kontroll av alle 6 kyrkjebygg er gjennomført i juni og registrert i den nasjonale Kyrkjebyggdatabasen. Denne kontrollen er for å fylgje med på vedlikehald og eventuelt forfall.</li> <li>5. Kviteseid sokn sin trusopplæringsplan vart 26.06.2017 formelt godkjend av Biskopen i Agder og Telemark etter innstilling frå trusopplæringsrådgevar i bispedømet. (<i>vedlagt inkallinga</i>)</li> <li>6. Kort referat frå kyrkjelydsturen til Nidaros og Stoklestad, ved M. Gotuholt blei langt og godt, som turen. Den vart full av fine opplevingar og hendingar. Ein veldig vellukka tur. Fint for 50 frå kyrkjelyden å bli kjend med Møyfrid Lunde, og vise versa.</li> <li>7. Nokre ord om Landstad-helg og avskil med Rune Lia 20.8. ved H. Birkeland. Under Landstad-gudstenesta i Kviteseid gamle kyrkje, takka Håkon Birkeland Rune Lia for hans 17 månader som vikar i Kviteseid, og overrekte ein fin bukett blomar. Mykje folk var samla, mange av dei var tilreisande. Hans Kristian Aabø melde om ein fin konsert i Brunkeberg kyrkje på fredagen, men med litt få folk.</li> <li>8. Kyrkjeverja har i juli og august gått gjennom kyrkjegardsregisteret og oppdatert og retta feil. Det er funne mange feil i gravregisteret når det gjeld festarar og sletting. 75 festarar er så langt blitt etterfakturert for kr 130.000 , og så langt har om lag 20 graver blitt sletta. Etter fakturering av festeavgift sist haust og vinter, og desse nye, har vi no 60 gravminner som skal bort og destruerast. Nokre graver i Kviteseid er ikkje gått gjennom endå.</li> <li>9. Branntilsyn 21.8.2017. Varsel mottatt 14.8. Rapport vart mottaken 29.8. og hadde eit avvik som gjaldt 'Systematisk sikkerhetsarbeid'. Kyrkjeverja er alt i gang med å laga rutinar for systematisk tryggingsarbeid for alle 6 kyrkjene for å unngå brann.</li> <li>10. Berre 3 påmeldt til Gullkonfirmantfest pr. 15.8. Brev vart utsendt 19.5. med frist for påmelding 15.9. Vi sender ut nå påminning til dei om lag 75 av 80 som ikkje har meldt frå på noko vis.</li> <li>11. Bildane av Borgny Svalastog som heng rundt om i kyrkjene våre på utstilling no, vert etter tidligare vedtak hengjande ut året. Soknerådet kjem om ynskjeleg tilbake til om dei ynskjer å kjøpa nokon av bileta, men er samde om at det er ein tidsavgrensa utstilling som eit prosjekt ved Rune Lia.</li> </ol>
<p><b>Sak 48/17</b> <b>FR</b></p>	<p><b>Rekneskapsrapport januar-juni 2017</b></p> <p style="text-align: right;"><b>KS</b></p>
	<p>Rekneskapsrapport frå vår kommunal rekneskapsfører for fyrste halvår 2017 vert gjennomgått av kyrkjeverja under møtet.</p> <p>Vi er tilsynelatande godt innanfor budsjett på alle områder på <u>driftsrekneskapan</u> så langt, men det er no på hausten deistore utgiftene på vedlikehald kjem. Golvet i kjellar på Brunkeberg kyrkje kan bli over kr 100.000.</p>

	<p>Som vanleg kjem dei største inntektene på (kpt. 112) Kyrkjegard mot slutten av året.</p> <p><u>Investeringane</u> vi har budsjettert med har ikkje begynt enda.</p> <p>Brannvarslingsanlegget i Kviteseid kyrkje blir/blei starta montering av siste veke i august. Vindauga-sakene er forsinka grunna lang godkjeningsprosess hos Riksantikvaren. (Kyrkja er verna, men ikkje freda. Alle slike inngrep må godkjennast av biskop, som innhentar fagleg uttale frå Riksantikvaren) Det vi har oppført er verneglas utanpå blyglasa i Kviteseid kyrkje. Total renovering av to av blyglasvinduga var beskrive i ein rapport frå tidlegare år, men ikkje kjend for kyrkjeverja og heller ikkje tatt med i investeringsbudsjettet. Det kjem på om lag kr 130.000 og er noko som må gjerast. Til saman er kr 161.000 utan dekning på investeringar. <i>Sjå vedlagt investeringsplan.</i> Kyrkjeverja foreslår at det søkjast kommunen om ei ekstraløyving på kr 130.000, og at resten dekkjast inn ved å auke bruken av eige fond frå kr 40.000 til kr 70.000. Budsjettrevisjon i kommunen skjer på formannskapsmøtet 28.9.</p> <p>Alternativ til finansiering i 2017 kan vera å ta ut dei to mest øydelagde vindauga og erstatte med plater. Etter finansiering må investeringsbudsjettet revideras.</p> <p><i>Vedlegg til innkallinga: Driftsrekneskap pr. 30.06.2017</i> <i>Investeringsplan2017-2022</i></p> <p><b><i>Kyrkjeverja si innstilling:</i></b> Soknerådet tek orienteringa om driftsrekneskapet for 1. halvår 2017 til vitande. Upårekna meirutgifter på investeringsbudsjettet ser ut til å bli om lag kr 160.000. Vi søkjer kommunen om ekstra tilskot på kr 130.000 og aukar bruk av eigne fond frå kr 40.000 til kr 70.000.</p> <p><b><i>Handsaming under møtet:</i></b> Kyrkjeverja informerte i tillegg om kostnadane ved maling av Brunkeberg kyrkje som samanlagd vart kr 115.000 netto. Det var budsjettert med kr 100.000 ekstra på posten for vedlikehald av kyrkjene.</p> <p>Ekstrakostnaden på det eine investeringsprosjektet vart drøfta, særleg om ein skulle søkje kommunen om ekstra løyving no, forsøkje å ta det sjølv over drift, eller sette det opp på investeringsbudsjettet for 2018.</p> <p><b><i>VEDTAK:</i></b> Soknerådet tek orienteringa om driftsrekneskapet for 1. halvår 2017 til vitande. Upårekna meirutgifter på investeringsbudsjettet ser ut til å bli om lag kr. 160.000. Vi søkjer kommunen om ekstra tilskot på kr 130.000 og aukar bruk av eigne fond frå kr 40.000 til kr 70.000. Vedteke mot ein stemme.</p>	
<p><b>Sak 49/17</b> <b>FR</b></p>	<p><b>Referat frå møte i AU 23.06.2017</b></p>	<p>HKA</p>
	<p>AU handsama 23.06.2017 sak om tilsetjing av sekretær ved kyrkjekontoret, og trusopplærar.</p> <p>Partssamansett utval (PU) stod for utveljing og intervju av kandidatane, og levera si innstilling til AU etter sitt møte 21. 06.2017</p> <p>Innstillinga frå PU var ei klar tilråding om tilsetjing av Birgitte Nødland Danielsen i begge stillingane.</p>	

	<p>AU sitt vedtak lyder slik:  AU vedtok samstemma PU si tilråding om å tilsetja Birgitte Nødland Danielsen</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. I fast/oppseieleg 15 % stilling som trusopplærer i Kviteseid sokn frå 1. august 2017, og</li> <li>2. I 15 % mellombels stilling som sekretær ved kyrkjekontoret frå 1. august 2017 til 31. juli 2018.</li> </ol> <p><i>Vedlegg til innkallinga: Referat AU 23.06.2017</i></p> <p><b>Forslag til vedtak:</b>  Soknerådet tek vedtaka frå arbeidsutvalet (AU) 23.06.2017 til vitande og er takksame for at Birgitte N Danielsen har teke til med arbeidet.</p> <p><b>VEDTAK:</b>  Som foreslege, med vekt på <i>takksame</i>.</p>
<p><b>Sak 50/17 FR</b></p>	<p><b>Gunhild Omtveits legat</b></p>
	<p>Gunnhild Omtveit var født i 1896 og døyde av tuberkulose i 1921, berre 25 år gamal. Ho arbeide som sjukepleiar, truleg i Oslo. Grava hennar i Brunkeberg er bruka om at av familien, men steinen er tatt vare på og vil bli satt opp att.</p> <p>I 1922 blei det av familien til Gunnhild oppretta eit fond på kr 1000 «til misjon og indremisjon i Brunkeberg sokn». Legatet skulle administrerast av soknepresten. (Dokumenter visast på møtet) Det er i dag kr 7045 på kontoen i Sparebanken Sør. Banken ynskjer ikkje at dette legatet skal hengja i «lause lufta», men knytast til ein person eller organisasjon. Kyrkjeverja tilrår at det knytast til Kviteseid sokn. Soknepresten administrerer framleis legatet i samarbeid med kyrkjeverja (som disponerer kontoen). Det er ikkje et legat i ordets rette forstand, men berre ein konto med retningsliner for bruk av pengane.</p> <p><b>Forslag til vedtak:</b>  Soknerådet vedtek at kontoen til Gunnhild Omtveits legat knytast til Kviteseid sokn.</p> <p><b>Handsaming under møtet:</b>  Kyrkjeverja orienterte og om at gravstøtta etter Gunnhild Omtveit no vil verta satt opp igjen som eit minnemerke på kyrkjegarden i Brunkeberg. Dette er etter avtale med slektningar, og ynskje frå tidlegare kyrkjeverje Jan Einar Eng. Det er ein særprega stein.</p> <p><b>VEDTAK:</b>  Som foreslege.</p>
<p><b>Sak 51/17 FR / SR</b></p>	<p><b>Reformasjons-jubileet (1) og Opne kyrkjer ( 2)</b></p>
	<p>(1) Prost Asgeir Sæle forsøker i samarbeid med prestane og kyrkjeverjene å markere reformasjonsjubileet i alle kyrkjene i prostiet ved at det tysdag 31. oktober kl. 18.00 vert ringt i alle kyrkjene samstundes, og halde ei enkel</p>

preikegudsteneste. Dette organiserast som eit godt samarbeid mellom tilsette og friviljuge. Det vert annonsera når tida nærmar seg.

Staben har så vidt drøfta dette. Misjonshuset/Normisjon har eit arrangement same dato og inviterer alle meniheter i Kvitesed kl 19.00, der Møyfrid skal tale. I Kviteseid ringer vi difor med kyrkjeklokkene 17.50-18.00. Får prosten tak i lekfolk til å ha nokon andakt i dei andre kyrkjene våre, er det fint. Vi kan forsøkjer å finne folk til å ringje i alle kyrkjene våre kl. 17.50-18.00.

(2) Prosten ynskjer og at kvart sokn skal handsama om det er mogleg til ein kvar tid å halde ope ei kyrkje i kvar kommune. (*Sjå vedlagt brev frå Prosten, datert 12.06.2017*).

Kyrkjeverja ber no om innspel til saka frå soknerådet.

Skal vi i hovudsak halde open ei kyrkje for lokalbefolkninga, eller for turistar og andre på gjennomreis? Skal ei open kyrkje haldast varm, krev det mykje straum. Kva med reinhald og tryggleik? Låsing nattetid? –i tilfelle med digitale låsar, med tilsette eller på dugnad? De kjenner kyrkjene våre:

1. **Kviteseid kyrkje** ligg sentralt til i ‘folkerikt’ område. Verdigenstandar kan med enkle grep låsast burt.
2. **Brunkeberg kyrkje** ligg sentralt til ved trafikalt knutepunkt, men er gamal trebygning og inneheld verdifulle objekt frå middelalderen.
3. **Vrådal kyrkje** ligg langs mindre trafikkert veg, og har få fastbuande i nærleiken. Gamal altertavle.
4. **Kviteseid gamle kyrkje** er verna og freda på grunn av si alder. Ligg avsides til med lite gjennomgangstrafikk og med berre ein nabo. Museet held kyrkja noko ope sommartid.
5. **Fjågesund kyrkje** er ikkje så gamal, men er fin og spesiell med sitt stavkyrkje-preg. Der er lett å låsa burt verdigenstandar.
6. **Kilen kapell** ligg avsides til, er av nyare dato og ikkje så spesiell som kyrkje.

Dei tilsette i soknet drøfta saka lett den 15.8. Det trur det vil vera mest turister som vil nytte seg av ein open kyrkje, for det støyter kyrkjegardsarbeiderane ofte på. Anbefalinga så langt vil difor vera å ha ei kyrkje open dagtid på arbeidsdagar i sommarhalvåret. Kviteseid kyrkje vil då vera lettast å halde open etter at nokre verdisaker er låst vekk.

*Vedlegg til innkallinga: Brev frå Prosten om Opne kyrkjer*

#### ***Forslag til vedtak:***

Soknerådet er opne for at det arbeidast vidare med om Kviteseid kan halde open ei av sine kyrkjer nærmast permanent, og ber om tilbakemelding for endeleg vedtak. Soknerådet anbefal at det satsast på Kviteseid kyrkje fortrinnsvis dagtid på arbeidsdagar i sommarhalvåret.

#### ***Handsaming under møtet:***

(1) I samband med reformasjonsmarkeringa 31. oktober, er planen at det skal ringjast i alle kyrkjeklokkene kl. 18.00 same kveld, og at det vert ein kort gudstenesteleg andakt i alle kyrkjene samstundes. I Kviteseid vert det ringt kl. 18.00 og ein felles markering på Misjonshuset som Normisjon har invitert dei andre menighetene til. Møyfrid Lunde talar der.

(2) Ynskje om at saka om opne kyrkjer vert teken opp i kyrkjelydsutvala for å vurdere om det er interesse for å vera til stades som vakter/guidar på

	<p>enkeltdagar med 'Open kyrkje' i dei forskjellige kyrkjene sommartid. På 90-talet var gamlekyrkja open på dagtid i sommarsesongen. Det er ikkje kjend kvifor det vart avslutta. Vi hadde då ingen erfaring med at noko vart stjåle eller øydelagd. I Bø har dei same erfaring med open kyrkje. Kyrkjeverjelaget har fått tilsendt frå forsikringsselskapet KNIF kriteria for å kunne halde ei kyrkje open utan tilsyn.</p> <p><b>VEDTAK:</b> Soknerådet er positiv til prestens forslag til reformasjonsmarkering 31. oktober, og bed kyrkjeverja i samarbeid med presten gjennomføra det så godt ein kan få til. Soknerådet er opne for at det arbeidast vidare med om Kviteseid kan halde open ei av sine kyrkjer nærmast permanent, og ber om tilbakemelding for endeleg vedtak.</p>
<b>Sak 52/17</b>	<b>Ringereglement for Kviteseid sokn</b>
	<p>På ein <u>kontor</u>visitas ved presten seinhaustes 2015, blei det avdekkja nokre manglar.</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Det er nokre manglar med føring av postjournal, kopibok og arkivering. Dette vert arbeida med av kyrkjeverja for å betre rutinane. Hovudgrepet vil vera å innføre lovpålagd arkivsystem. Digitalt arkivsystem som er godkjend av datatilsynet blir truleg levert frå vår programleverandør Kirkedata i løpet av hausten 2017. Dei søkjer om godkjenning av ferdig utvikla program i august.</li> <li>2. Det låg ikkje føre noko <u>ringereglement</u> for alle sokna vi då hadde. No når vi er eit sokn, har kyrkjeverja utarbeida forslag til nytt ringereglement for Kviteseid sokn. Det tek utgangspunkt i dagens praksis og fylgjer dei aktuelle lover og forskrifter.</li> </ol> <p>Kyrkjeverja vil vidare arbeide for å få automatisk ringeanlegg i alle fall i Kviteseid kyrkje, men gjerne fleire. Dette er for å lette arbeidet for dei tilsette og gjere det meir skånsamt for høyrsele. Dei økonomiske tilhøva må utgreiast.</p> <p><i>Vedlegg til innkallinga: Ringereglement</i></p> <p><b>Forslag til vedtak:</b> Soknerådet vedtek det framlagde ringereglementet for Kviteseid sokn. Soknerådet ber kyrkjeverja utreie kostnadane for automatisk ringeanlegg i Kviteseid kyrkje.</p> <p><b>VEDTAK:</b> Som foreslege.</p>
<b>Sak 53/17 FR</b>	<b>Utleigerelement for Kviteseid sokn</b>
	<p>Kvifor revidera «Reglar for brukarbetaling ved utleige av kyrkjebygg i Kviteseid kommune»?</p>

	<p>Reglene for avgift ved utleige av kyrkjene i Kviteseid blei sist revidert og vedtatt i 2014. Det er ikkje påteikna at dei er godkjend av Agder og Telemark bispedømmeråd.</p> <p>Sidan våre reglar blei vedtekne i 2014, har Kyrkjemøtet 15.april 2015 fastsett nye "Regler for bruk av kirkene". (<a href="https://kirken.no/nb-NO/om-kirken/slik-styres-kirken/lover-og-regler/regler-for-bruk-av-kirken/">https://kirken.no/nb-NO/om-kirken/slik-styres-kirken/lover-og-regler/regler-for-bruk-av-kirken/</a>)</p> <p>Satsane har ikkje vært auka på 3 år og det er naudsynt med justeringar viss ein ynskjer å dekkje faktiske utgifter.</p> <p>Nytt: Kyrkjevevja ønskjer soknerådet skal vurderer betaling for nokre tenester for folk som ikkje er medlemmer av Den norske kyrkja, eller ikkje bur i kommunen. Dette er vanleg mange andre plassar. Alle tenester har ein kostnad og alle kyrkje- og trdomssamfunn får tilskot frå staten via kommunen for å yte tenester for sine medlemmer. Det blir då ufordelaktig for Kviteseid sokn om vi i stor grad kostnadsfritt yter tenester for enkeltpersonar der andre sokn/fellesråd, eller kyrkje- eller trdomssamfunn sjølv har fått tilskot for å yte denne tenesta.</p> <p>Kviteseid kyrkjelege fellesrådet har endra namn til Kviteseid sokn.</p> <p>Sjå heile forslaget til utleigereglement i vedlegget. Hovudendingar i forslaget i høve til gjeldande reglement er fylgjande:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Betaling for nokre tenester, for folk busett utanfrå Kviteseid og for dei som ikkje er medlemmer av Den norske kyrkja</li> <li>2. Prisendring frå kr 1000 + kr 800 + 10 % av billettinntekter, til kr 3000 + 10 % av inntekter over kr 5000.</li> </ol> <p><i>Vedlegg til innkallinga: Utleigereglement 2017</i></p> <p><b>Forslag til vedtak:</b> Soknerådet vedtek forslaget slik det er framlagd.</p> <p><b>VEDTAK:</b> Som foreslege.</p>
<p><b>Sak 54/17</b> <b>FR</b></p>	<p><b>Kyrkjegardane ved Kviteseid kyrkje</b></p>
	<p>Arbeidstilsynet hadde tilsyn hos Kviteseid Kyrkjelege Fellesråd i oktober 2011. Bakgrunnen for inspeksjonen var eit tidlegare stopp-vedtak av verneombodet angående graving i bratt terreng. Inspeksjonen avdekkja to forhold som måtte forberast:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Graving med traktorgravar i bratt terreng, og</li> <li>2. arbeidsrom/personalrom for fagpersonane ute.</li> </ol> <p>Punkt 2 blei løyst med at fagarbeidarane fekk tilgang til garderobe og pauserom saman med teknisk fagpersonell i kommunen i deira lokale. Dette er ikkje tilfredsstillande løyst, for i praksis brukar våre tilsette ikkje kommunen sine lokalar. Difor må vi ganske fort syte for betre arbeidstilhøve for våre tilsette. Dette kjem vi tilbake til seinare.</p> <p>Punkt 1 blei løyst ved at det 25.10.2011 vart inngått ein avtale mellom kyrkjegardsarbeidarane, kyrkjevevja og verneombodet om 'Sikkerhet ved graving med traktorgravar på Kviteseid kyrkjegard'.</p> <p>Vedtaket seier mellom anna: 'Derfor skal arbeidstakerane avgjera i kvart enkelt tilfelle om det er forsvarleg å grava med vårt utstyr eller ikkje.'</p>

På grunn av det bratte terrenget er det mange plassar det er uforsvarleg å grava i dei gamle felta på øvresida av vegen.

Forholda er litt betre nå med minigravar (frå 2015/16) i staden for traktorgravaren, men langt frå tilfredsstillande med tanke på tryggleiken til våre tilsette.

Kyrkjeverja kan òg komme opp i situasjonar der ein må velje mellom omsynet til pårørande som ynskjer grav i dette området, og tryggleiken til dei tilsette. Då er det tryggleiken som er viktigast.

Avtala seier også at 'Når det ikkje er forsvarleg med graving, skal det leigast inn eit privat gravemaskinfirma, eventuelt avtale urnebegravelse, eller leige inn andre til å grave med hånndreidskap'.

Annan gravemaskin må då vera større enn vår, og vil ha vanskelegare for å ta seg fram mellom gravene, og det vil vere kostbart. Manuell graving for hand, kan krevje to dagsverk. Det vert òg kostbart.

Urnebegravelse er det diverre alt for lite av i Kviteseid. Det er dei aktuelle bratte stadane godt eigna til. (*Sjå vedlagd bilete med påteikning*).

Kyrkjeverja og kyrkjegardsarbeidarane ynskjer at gravfelta A-H snarast råd utfasast som aktive kyrkjegardar. Det gjeld særleg felta A-E som er omgitt av eige steingjerde og portar. Når forholda ligg til rette for det, kan framleis ektefeller gravleggjast i desse felta. Nye gravleggingar av til dømes born av tidlegare gravlagde, skal berre tillatast på dei flataste og best framkomelege områda. Årstidene vil og verka inn her. Dei same felta eignar seg godt til urnegravlegging. All anna gravlegging skal skje på dei nyaste felta vest for riksvegen og parkeringsplassen, nord for kyrkja. Der er det på 11 år brukt 66 av 320 tilgjengelege graver. Av 255 ledige graver er 27 festa/reservera i dag. Med sama fart vert dei nye felta ikkje fylte før om 40 år. Då vil det vera aktuelt med sletting av mange av gravene.

Kyrkjeverja har så vidt starte med opprydding i kyrkjegardsregisteret. Etter kvart skal graver eldre enn 60 år normalt slettast. Dette vil frigjera mange eldre graver i til dømes Brunkeberg og Vrådal. Unntatt er Kviteseid Gamle kyrkjegard, som er totalfreda og ingen graver kan slettast.

Lova pålegg oss som gravferdsmyndighet til ein kvar tid å ha tilgjengeleg graver til minst 20 % av befolkninga i kommunen. I Kviteseid har vi pr. i dag ca. 1000 ledige graver, 900 utanom dei i dei aktuelle felta A-H i Kviteseid som ikkje er talt opp no. Kyrkjegarden i Kilen har 42 % ledig i høve til kapasiteten, Fjågesund har 63 % ledig, Vrådal 36 %, Brunkeberg 20 % og Kviteseid utanom felta A-H: 80 % ledig. Felta A-E er det ynskjeleg gradvis å gjera om til minnelund med park-preg.

*Vedlegg til innkallinga: Bilet-kart Kviteseid kyrkjegard*

***Forslag til vedtak:***

Soknerådet vedtek at gravfelta A-E på Kviteseid kyrkjegard gradvis utfasast for aktiv bruk. Særleg i det bratte terrenget skal tilsette si tryggleik alltid vega tyngst. Fagpersonane saman med kyrkjeverja avgjer til ein kvar tid om det er forsvarleg å grava.



	<p><b>Handsaming under møtet:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Det vart presisert at det er viktig at graver som har vore reservera av ektefeller i mange år, vert bruka så sant det over hovud er mogeleg.</li> <li>- Gravfelta eignar seg framleis særst godt til urnenedsetjing og urnegraver. Kremasjon ser ut til å vera ein aukande tendens. Talet på urnenedsetjingar er aukande.</li> <li>- Kyrkjeverja retta på ein feil i sakspapira: Gravferdslova §2 pålegg oss som gravferdsmyndigheit til ein kvar tid å ha tilgjengeleg graver til minst 3 % av befolkninga i kommunen, ikkje 20% .</li> </ul> <p><b>VEDTAK:</b></p> <p>Soknerådet vedtek at gravfelta A-E på Kviteseid kyrkjegard gradvis utfasast for aktiv bruk. Særleg i det bratte terrenget skal tilsette si tryggleik alltid vega tyngst. Fagpersonane saman med kyrkjeverja avgjer til ein kvar tid om det er forsvarleg å grava. Det presiserast at dei bratte gravfelta eignar seg godt til urnegraver.</p>	
<b>Sak 55/17 FR / SR</b>	<b>Kyrkjelydsbasaren 2017</b>	
	<p>Om jolebasar vart det i aug 2016 (Sak 51/16) bestemt å halda fram. Vedtaket i 2016 lydde: «Soknerådet ynskjer å halda fram med jolebasaren og Hans Kristian Aabø sa seg villig til å vere med i komiteen for basaren. Han tek også kontakt med Kirsti Skjæveland som har vore primus motor i fleire år. Reidun Fisketjønn tilbyr praktisk hjelp. Håkon Birkeland og Kristen Salmelid kan vere med å hjelpe på basardagen.»</p> <p>Basaren plar vera i fyrste adventshelga. Misjonshuset er difor bestilt til laurdag 2. desember.</p> <p><b>VEDTAK:</b></p> <p>Soknerådet held jolebasar laurdag 2. desember.</p> <p>Leiar av komiteen: Hans Kristian Aabø</p> <p>Andre frå SR til komiteen: Magnhild V. Kvalbein (ikkje med på lørdagen) og Reidun Ø. Fisketjønn</p> <p>Andre friviljuge: Kirsti Skjæveland, Kristen Salmelid (ansvar for økonomiske forhold son Hadle Hovda har hatt i mange år), Hadle Hovda (stiller gjerne til andre oppgåver som loddsal på Kiwi). Håkon Birkeland (og Marit Gotuholt?) vert med på lørdagen og hjelper til.</p>	
<b>Sak 56/17 FR</b>	<b>Budsjettarbeid for 2018</b>	
	<p>Arbeidet med neste års budsjett er godt i gang. Det handsamast på neste møte, 29. november. Kyrkjeverja bed om innspel til satsingar eller nedprioriteringar i driftsbudsjettet, sjølv om mesteparten av midla er bundne til løn og anna fast.</p> <p>Investeringsbudsjettet og investeringsplan ligg ved frå sak 48/17. Soknerådet drøfter prioriteringar for 2018 og åra som fylgjer.</p> <p>Det som er oppført pr. i dag</p> <p>Tårntak <del>Vrådal</del> Brunkeberg kyrkje (sjå bilete vedlagt innkallinga)</p>	

	<p>Det er lite sannsynleg at kommunen løyver større beløp til Gamlekyrkja, då 'alle' ventar på stortingsvedtak om finansiering av drift og vedlikehald av middelalderkyrkjene i Noreg.</p> <p>Tilstandsrapport om nokre av prosjekta for framtida, er ikkje levert frå takstmann Hans Tarjei Midtbø i skrivande stund.</p> <p><i>Vedlegg til innkallinga: Bilet av tårntaket Brunkeberg kyrkje</i></p> <p><b><i>Innspel frå møtet:</i></b></p> <p><u>Til driftsbudsjett:</u></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. 20 nye salmebøker til supplering i Brunkeberg kyrkje</li> <li>2. 20 nye salmebøker stor skrift til supplering i Vrådal kyrkje</li> <li>3. 30 nye nattverdbeger til supplering i Kviteseid kyrkje</li> </ol> <p><u>Til investeringsplan:</u></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Det som er oppført i dagens investeringsplan vidareførast. Viktig å få den bestilte rapporten om forhold i gamlekyrkja, Vrådal og Brunkeberg</li> <li>2. Tak på tårnet i Brunkeberg, som ekspertar tilrår: fliser tilhogde på 'gamlemåten' av fagfolk. Ein kostbar men varig løysing.</li> </ol> <p>Investeringsplanen må truleg leverast kommunen før neste SR-møte.</p>
<p><b>Sak 57/17 SR</b></p>	<p><b>Tankar frå vår nye sokneprest Møyfrid Lunde</b></p>
	<p>Møyfrid Lunde deler litt av det ho har på hjarta, og ynskjer ein dialog med soknerådet om hennar teneste her i Kviteseid.</p> <p>Stikkord frå hennar tankar og <i>innspela frå soknerådet:</i></p> <p>Møyfrid er i 1. fase som går på å lære å</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• kjenne folk og kyrkjelege tradisjonar i Kviteseid,</li> <li>• leve med og i samfunnet</li> <li>• finne plassen som leder og hyrde for kyrkjelyden. Soknerådet har her eit medansvar i å 'vekkje og nære det åndelege liv'</li> </ul> <p>4 fokusområder vidare:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Å ha tid til å vera ute. Det har blitt mykje og naudsynt kontorarbeid fyrste månad. Ynskjer å koma ut og møte folk der dei er.</li> <li>2. Spør seg korleis det å vera ein menighet og eit sokn opplevast i eitt samla sokn samtidig som ein tar vare på tradisjonar og fellesskap i kvar kyrkje i dei gamle sokna.</li> <li>3. Barn og unge, brenner for dei. Ynskjer å prioritera dette når det må eller kan velges. Ynskjer å få nytt liv i trosopplæringsutvalet</li> <li>4. Ynskjer å få folk involvert og dane eit engasjement i gudstenestearbeidet, som mellom anna tekstlesare, klokker der det ikkje fins, forbedere og anna. Ynskjer å møte kyrkjelydsutvala.</li> </ol> <p>Møyfrid spør seg kva forventningar soknerådet har til ho som sokneprest. Her er nokon innspel:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <i>Bruk det du kan og trivast med i arbeidet</i> M: Er leken, ser ting frå barns perspektiv</li> <li>• <i>Samarbeid med Kvitsund (ein stor ressurs) og dei andre menighetene / forsamlingane: Betel, Fredheim, Misjonshuset og Vrådal bedehus. Det er eit godt samarbeid i dag. Utnytt det som er godt og tenleg for oss.</i></li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• <i>Ønsket og Elsket er allereie et godt samarbeid om arbeid med konfirmanter og eldre.</i></li> <li>• <i>Utfordringer med våre ungdom: Trivst ikkje på gudstenester og har litt lite tilbod. (Hugs Fredheim/Betel har ungdomsklubb open for alle)</i></li> <li>• <i>Korleis vil du møte dei eldre, viss det blir mykje fokus på dei yngste?</i> M: Har faste andaktar på institusjonane KOS, Midtsundtoppen og Lundenjordet. Diakoniutvalet og besøkstenester gjer mykje godt her, men Møyfrid vil ut på invitasjonar.</li> <li>• <i>Vi må hugse på at vi ikkje tillegg Møyfrid for mange oppgåver og forventningar. Det er berre 5 år sidan vi hadde 2 årsverk med prester og 1,5 årsverk for 1 år sidan. Det er grenser for kva ein person kan nå over i tillegg til 53 forordna gudstenester, 40 gravferder, bryllaup og mykje anna fast i løpet av eit år.</i></li> <li>• <i>Samarbeid med den nye frivillighetsentralen i Kviteseid?</i></li> <li>• <i>Vår diakon Eilev Erikstein er ein god ressurs med god kapasitet. Han når mange med særskilte behov.</i></li> <li>• <i>Konsentrer deg om Kviteseid, og ikkje mykje prosjekt saman med andre. Vi har hatt mange gode prosjekt det siste året. Greitt med fokus på kyrkjelydsarbeid nå.</i></li> </ul> <p>Soknerådet er takksame for å ha fått Møyfrid som sokneprest til Kviteseid og ynskjer henne lukke til.</p>
<b>Sak 58/17</b>	<b>Eventuelt</b>
	<p>Neste ordinære møte i soknerådet vert etter tidlegare vedtak 4. oktober 2017. (Kaffimat ved Gunn Karin Eikås). Siste ordinære møte i 2017 er 29. november.</p> <p>Komité er i rute for festen på Misjonshuset 3. september etter innsetjingsgudstenesta.</p>